



BLI MED PÅ SOMMARLES 2024!

Til kontaktlærarar/norsklærarar i 1.-7. trinn



Sommarles er ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av biblioteka, der målet er at så mange barn som råd i 1.-7. trinn skal lese mest mogleg i løpet av sommarferien! Sommarles.no bruker element frå digitale spel for å motivere til lesing. I 2023 deltok over 166 000 leseglade barn, men vi ønsker endå fleire barn velkomne! Kampanjen startar 1. juni kvart år, og blir avslutta den 31. august.

Suksessen til Sommarles.no heng saman med den gode draghjelpa frå dykk lærarane. Ved å hjelpe oss med å reklamere for Sommarles på skulen før sommarferien, gir de barna ein god start, og dei kan komme godt i gang med kampanjen før sommarferien for alvor tar fart. Våre undersøkingar har vist at det er gjennom dykk vi når flest barn. **Vi håpar derfor at de vil hjelpe oss med å motivere elevane til å delta i kampanjen** – resten tar biblioteket seg av.

Vi ønsker at de:

- **Deler ut eit infoskriv** som elevane får med seg heim
- **Snakkar med elevane om Sommarles** og oppmuntrar dei til deltaking. Sidan Sommarles.no er en digital lesekampanje, treng vi løyve frå foreldra for at barna skal kunne delta. Vi er opptatt av å overhalde reglane i personopplysningslova. Det er derfor viktig at sjølve registreringa skjer heime, og ikkje i fellesskap på skulen.

- **Ser filmsendinga for i år saman med elevane:** Sommarles 2024 blir offisielt sparka i gang med ei filmsending som blir lansert på Sommarles.no fredag 31. mai. Filmen kan ein sjå når som helst etter dette og varer i ca. 15 minutt.

Kva er Sommarles.no?

- Ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av folkebiblioteka i heile landet, som varer frå **1. juni - 31. august**
- **Alle elevar i 1. - 7. klasse** kan delta, også dei som skal begynne i 1. klasse til hausten og dei som går ut av 7. klasse ved kampanjestart.
- Sommarles.no er i utgangspunktet **ein digital kampanje**, men det er også mogleg å få lesekort på biblioteket og delta analogt. På nettsida kan barna samle poeng for kvar side dei les, sjå kva venner les og skaffe seg digitale trofé som dei kan samle på. Dei kan også følge ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve, og svare på oppgåver i tilknytning til den.
- Barna blir **premiert** for innsatsen med digitale trofé på profilen sin, og med fysiske premiar som dei kan hente på biblioteket.
- **Sommarles er for alle**, både superlesarar, middels gode lesarar og dei som treng hjelp eller er i ferd med å lære seg å lese. Dei må ikkje lese sjølve, men kan velje å høyre på lydbøker eller lesast høgt for.



Meir info om Sommarles.no og korleis de kan marknadsføre kampanjen for dykkar elevar, finn de her: <https://altom.sommarles.no>

Ta kontakt med ditt bibliotek dersom du ønsker meir informasjon.

GOD SOMMAR MED SOMMARLES.NO!